


Viser elles til at Charles Lilleskare gløymde å fortelje heile historia som skjedde 28.mars d.å. Politiet kom på Nappane for å snakke med ein person hos oss. Charles Lilleskare kom då inn på tunet vårt og tok bilete av politibilen og nokre av våre bebuarar som stod ute og røykte. Kvifor Charles Lilleskare valde å gjera dette, er det grunn til å spekulera i, men det skal vi ikkje gjera. Ein av bebuarane krov at Charles Lilleskare skulle sletta bileta han tok. At Charles Lilleskare opplevde dette trugande er forståeleg, men kravet frå vår bebuar var på sin plass, for det er noko som heiter personvern.

4. Vi er einige med underskrivarane i at vår drift og våre bygningar skal vera i samsvar med lov og krav frå offentleg myndigheter, noko vi i god tru har tenkt vore i orden. Vi har derfor sendt ut nabovarsel og søkt kommunen om løyve til å halde fram med rusomsorg i tidligare Zoar, Nappane sine lokalar.
5. Eigedommen på gard 129/ 6 ligg i dag i eit område som er avsett til institusjon i kommuneplanen sin arealdel for 2011-2023. Det er denne planen vi heldt oss til.
6. Når det gjeld planlagt utbygging på 129/2 og hyttefeltet, kan vi ikkje sjå at dette vedkjem oss.

Mvh



Rusomsorg Vest Nappane

Steinar Valdersnes

Dagleg leiar